

Referat frå møte i kommunikasjonsgruppa mellom Meland kommune og dei private barnehagane 5.juni 2015.

Til stades var:

Politiske representantar frå Meland kommune: Ordførar Nils Marton Aadland, Åshild Aamli, Kåre Skibenes.
Representantar for dei private barnehagane: Styrer i Espira Marthahaugen barnehage Elisabeth Thorland,
Styremelelem i Leiketun barnehage Magnar Hellen, Styrar i Leirdalen barnehage Beate Jacobsen, Styrar i Drømmehagen
barnehage Torill Seliussen
Representantar frå administrasjonen i Meland kommune: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, økonomisjef Per Inge Olsen,
barnehagefagleg rådgjevar Mette M.Træland.
Eigarrepresentant for Drømmehagen barnehage, Fredrik Seliussen hadde meldt om fråfall.

Sak 1. Gjennomgang av avtalen med private barnehagar.

Samarbeidsavtalen som no gjeld vart delt ut, og det vart gjeve kort status på denne.

Avtalen skal reviderast og dette arbeidet vil starta opp i løpet av hausten.

Administrasjonen lagar ein skisse/ framlegg. Det vert invitert til høyring og innspele.

Sak 2. Revidert budsjett/Økonomi driftstilskot.

Økonomisjefen orienterte:

Utmåling av tilskot for 2015 er ferdig.

Etterjustering av tilskot for 2014 er ferdig.

Det ligg føre to rapporter frå Telemarkforsking. Desse vart delt ut til alle. Rapportane viser kva tal som gjeld for utbetaling av tilskot for 2015, og etterbetaling for 2014.

Barnehagane får etterbetalt kr. 3.123 098 for 2014.

Etterjusteringa vert utbetalt i ein sum.

Det kom innspele om at Espira Marthahaugen sitt namn er skrevet feil i rapportane, og at dette må verte korrigert.

Ekstratilskot for 2015.

Leiketun barnehage sin representant, spurte om status for utbetaling av kr. 5 000 000 ekstra til barnehagane som kommunestyret vedtok i budsjettet for 2015.

Barnehagane meinte saksbehandlinga har gått for seint. Det er ikkje gitt informasjon om fordelinga av desse midlane. Rådmannen informerte om kvifor barnehagane har måtte venta.

Barnehagane må sende inn søknad om ekstratilskot i høve til drifta, der dei grunngjev kor mykje dei treng, og saksbehandlinga til administrasjonen vert slik at den skal vedta etter forvalningslova. Saka vert handsama i Formannskapet 24.06.

Tilskotet er å sjå på som «øyremerka» i høve til kompetanseheving og bemanning, og utgifter i høve vikarproblematikk. Kommunen kan, dersom det er problem med likviditeten utbetale forskot på tilskot til barnehagane som treng dette. Ein melder dette til økonomikontoret.

Proseduren for behandling vert som følgjer:

Kommunen sender ut brev til alle barnehagane mandag 8. juni om tilskotet og om at dei må sende inn søknad.

Barnehagane sender inn søknad til kommunen innan frist 11.juni. Søknaden må innehalde grunngjeving for kvifor barnehagen treng ekstraløyving.

Grunnlag for berekninga og skashandsamina :

Barnetall/ bemanning/ rekeskap (dersom dette ligg føre) og budsjett for 2015, som kan verte lagt ved søknaden.

Då det er vanskelig å beregne kva som er ei rettferdig fordeling/ berekning må barnehagane levere dokumentasjon som viser dette.

Døme kan vera kostnadene for å styrke kompetanse i personalgruppa, vikarutgiftar, kapitalreduksjon, kurs og opplæring, oppjustering av barnehagen slik at den kan gje barnehagen eit betre pedagogisk tilbod.

Eit kriterium for søknaden kan være at barnehagen kan grunngjeve at den ønskjer å bemanne opp barnehagen og auke opp kompetansen. I søknaden må barnehagen kort begrunne sitt behov for styrking av det pedagogiske arbeidet, og beskrive korleis dei vil gjennomføre dersom dei får tildelt midlar. Kommunen vil og vurdere barnehagen sin økonomi i handsaminga av søknaden, og behovet for ekstra tilskot i forhold til den økonomiske situasjonen for den einskilde barnehage. Rådmannen ynskte at dette ekstratilskotet skal verte binde opp i høve til at det er «øyremerka» til kompetanseheving» «øyremerking kan og gjelde vikarproblematikk.» Ordføraren ynskjer at tilskotet skal sikra endå betre kvalitet i barnehagen, og søknaden kan stiles i høve til dette. Barnehagane skal sende inn rapport i etterkant der det vert dokumentert korleis dette tilskotet har vore nytta. Saka vert handsama i Formannskapet i juni, og vedtak vert sendt ut i etterkant av dette møtet.

Sak3. Tilbakemelding på arbeidet med kommunestruktur.

Ordfører orienterte om arbeidet med kommuneplan.

Per i dag arbeider vi med 3 moglege modellar.

Lindås – Meland Radøy

Meland – Bergen

Alle kommunane i Nordhordland + Gulen og Solund.

Meland, Lindås, Radøy er det mest konkrete modellen hittil. Der har mellom anna vært drøftingar om prinsipp, verdiar og Demokratisk modell for ein ny kommune.

Juni 2016: Kommunestrukturen vert vedtatt.

I løpet av året vil det verte arrangert folkemøte, temamøte mm. Ønskje om aktiv medverknad.

Ingen grunn til å tru at barnehagestrukturen vert endra i Meland.

Det som kan være interessant er finansieringsmodellen som kommunane skal ha.

Høyringa vert sendt som sak i FS 24 juni. Saksbehandlinga vert grundig og saklig gjennomgått.

Sak 4. Kapasitet i sektoren.

Barnehagefagleg rådgjevar orienterte om ventelista for barnehagane.

Ca 15-20 barn har ikkje fått tildelt plass pr.d.d, men alle barn med rett til plass har fått dette.

Difor er ventelistaikkje venteliste pr. lovdefinisjon.Behov for å auke kapasiteten i 2018.

Sak 5. Visjon for sektoren, og arbeidet med kvalitetsmål i barnehageplana.

Det vart orientert litt om stoda for barnehageplanen.

Modell med kvalitet og bemanningsnorm, med rom for å få kommunale verkemidlar på plass.

Mål om at kommunen kan legge inn sine eigne bemanningsnormer, og vil være i forkant her.

Den lokale handlingsretta i kommunen vert avgjerande for dette arbeidet.

Det vart gjeve innspel til planlegging av ny barnehage, der kvaliteten for natur og friområdet er veldig viktig i høve til bærekraftig utvikling.

Nærrområdet til barnehagane er viktig i høve til turmuligheter.

Bemanningsnorm/ økonomi må komme frå staten. Høyringsinnspeil i høve til at det må komme pengar med samtidig som dette vert nasjonale krav i Lova.

Sak 6 : Eventuelt.

A) Barnehagefagleg rådgjevar orienterte om foreldreundersøkinga for alle barnehagane.

Det er komet inn 26 % svar, så langt. Fristen går ut i midten av juni.

B) Sak om brev som er sendt ut frå administrasjonen.

Rådmannen beklaga at dette brevet vart sendt ut i ei slik form at barnehagane sitt ekstratilskot var årsaken til at kulturskulen vart dyrare.Barnehagesektoren skal ikkje være den sektoren som vert skuld i kommunen sin økonomi.

Meland kommune beklaga innhaldet i brevet.

Administrasjonen kan leggje inn ein kommentar ved utsending av faktura.

C) Økonomiplanen.

Det vart gjeve tilbakemelding på kommentar til utrekningsmodell på s. 14 i økonomiplanen der departementet si utrekningsmodell vart sett på den som vart anbefalt.

Rådmannen opplyste at høyringa til forskrifta vil verte politisk handsama i juni, og at økonomiplanen er ikkje eit dokument i høve til høyringa.

Oppsummering.

Ordføraren minna alle om at dialogmøter som dette er naudsynt.

Vi har alle eit felles mål, og det er at vi ønskjer barnehagar med god kvalitet.

Mette M. Træland
referent